

SNEKKEVIKA BÅT OG INTERESSELAG

Kjeseth

den 31.12.2020.

Til Sijoni invest A/S

C/o Arkoconsult A/S

V/ Pål K. Tufta og Yvonne Bruvik

INSPEL TIL NY REGULERINGSPLAN FOR SNEKKEVIKA, PLANID 46312020007

-Ser at det er starta opp arbeid med privat reguleringsplan for Snekkevika, del av Gnr 464, Bnr 41, m.fl. Der er planar om utbygging av eit nytt hyttefelt med ca 25 nye hytter, i første omgang. Som tilkomstveg til dette hyttefeltet vil De bruke vår eksisterande veg frå fylkesvegen og ned til Snekkevika. Det er fleire grunnar til at me som medlemmar i SBI ikkje kan godta det.

-Området nede i Snekkevika der veien går i dag er serdeles ueigna for gjennomgangstraffikk. Plassen der blir nytta til båtopptrekk, vask og vedlikehald av båter, parkering og bading/grilling/fornøyelse gjennom sommerhalvåret. Det vil vera direkte farleg å ha gjennomgangstraffikk her, samstundes som ungar spring rundt med grillspidd og badeball.

-Vegen ned til Snekkevika er bratt. Mykje brattere enn kravet til ein slik tilkomstveg, som er stigning 1:8.

-Dersom alternativet med å svinge vegen av med Kjeset-tjødna blir valgt er også det umulig uten å gjere store inngrep heilt ned i strandsona til vatnet. Det vil etter vår mening ikkje vere forenlig med krava som vert stilt til skjerming av natur som skal takast hensyn til. Ein annan ting som også må nemnast er restene av kvernhuset som er i elva ned mot Snekkevika, og stemmegarden til dette som står øverst i elva. Begge desse er kulturminne som vi fryktar vil gå tapt dersom vegen skal krysse elva her. Ein annan ting som også må takast med, er at elva ned i Snekkevika er ein del av eit gyteøret-vassdrag. Dette er også ein del av naturmangfaldet i området, og må takast hensyn til i planarbeidet. Anleggsarbeid her kan gjera stor skade.

-Det overhengande fjellet som er langs vegen forbi tjødne er av ein slik art at det ved fleire anledninger har komme steinsprang opp gjennom åra. Særleg etter frostperioder har det gjerne lagt ganske store steiner midt i vegen når nokon tar turen ned. Auka trafikk betyr auka risiko. Det er heller aldri gjort nokon undersøkingar korleis bunnforhold i tjødna er her. Sannsynlegvis er der ein del mudder, men kan godt vera leire djupare nede. Her blei berre fylt forbi med stein når vegen blei bygd. Her er også ein risiko for at det kan rase ut dersom det kjem tungtransport forbi.

-Store deler av vegen fra fylkesvegen og ned til tjødna er fundamentert på jord. Den blei kjørt sund då det blei transportert ut nokre lass med tømmer for 4-5 år siden. Det var etter det store kostnader med oppgradering av vegen igjen. Dersom det blir noko nevneverdig anleggstraffikk på denne vegen vil den ikkje tolde det, og det ville vere meiningslaust å berre legge asfalt på ein slik veg for så å tru att det kan kjøre lastebiler der uten at vegen vil gje etter.